

Nina Hilde Bergås  
Berås 101  
5912 SEIM

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/5818 - 23/38167

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
[svein.arne.vagane@alver.kommune.no](mailto:svein.arne.vagane@alver.kommune.no)

Dato:  
24.05.2023

## Løyve til å byggje landbruksveg på gnr 63/1 Berås i Alver kommune

Administrativt vedtak: Saknr: 508/23

### VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar gjev Alver kommune Nina Hilde Bergås løyve til å byggje landbruksveg som søkt om på gnr. 63, bnr. 1 i Alver kommune.

### Vilkår:

- Om det kjem fram kulturminne under arbeidet må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune, kulturavdelinga varslast.
- Så langt det let seg gjere skal ein unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter med meir.
- Tiltakshavar lyt syte for dokumentasjon på at eventuelle massar som vert køyrt til utanfrå, ikkje er ureina.
- Veganlegget må byggjast i samsvar med krav sett i «normalar for landbruksveier – med byggebeskrivelse» for vegklasse 4 – sommarbilveg med hengar.
- Vedtaket er gyldig til 01.06.2026 og tiltaket må vere ferdig innan 01.06.2027.
- Vegen må byggjast slik det kjem fram i saksutgreiinga.
- Før arbeidet vert starta opp må andre løyve etter anna regelverk vere på plass som f.d. avkørsleløyve/endringsløyve til avkørsle til offentleg veg. Tiltakshavar lyt òg syte for at privatrettslege tilhøve er avklara før oppstart av anlegget.
- Er det turvande for å ta ut skog på nabobruk, skal desse ha høve til å kjøpe seg inn i og kunne nytte vegen til nemnte formål.

Om ikkje arbeidet er sett i gong innan fristen for løyvet, fell løyvet bort, jf. landbruksvegforskrifta § 3-2.

## Saka gjeld

Nina Hilde Bergås – eigar av gnr. 63, bnr. 1 – søker om løyve til å bygge om lag 420 m landbruksveg i vegklasse 4 (Sommerbilevei med henger). Tilkomsten er gjennom tunet og vegen startar vest for tunet før den svingar sørover og deretter austover. Vegen vil i all hovudsak løyse ut skog på gnr. 63, bnr. 1, men og gje betre tilkomst til den bratte slåttemarka. Vegen tek til på eksisterande veg som må oppgraderast. Etter kvart må det byggjast heilt ny veg austover mot skogen. Søknaden vart sendt kommunen 16.06.2021 og har ved ein inkurie vorte liggjande lenge hjå oss, noko vi seier oss lei for.




Fig. 1. Kartvedlegg til søknaden som syner traséline.

## VURDERING:

Føremålet med «Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveien» er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som gjev landbruksfaglege heilskapsløysingar. Samstundes skal det leggjast vekt på omsynet til miljøverdiar som naturmangfold, landskap kulturminne og friluftsliv, omsynet til fare for flaum, erosjon og lausmasseskred og andre interesser som vert råka av framføringa av vegen.

Vegen gjev tilkomst til framtidig uttak av skog på gnr. 63, bnr. 1. Vegen er i tråd med føremålet i landbruksvegforskrifta.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova er lagt til grunn ved vurdering av tiltaket. Det er særleg lagt vekt på berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der samla belastning for økosystemet er vurdert både på staden men òg i ein større samanheng.

Etter sok i Naturbasen og Artsdatabanken er det ikkje funne registreringar som vert påverka av vegbygginga. Men området ligg innanfor «Den Indre Farleia» som er eit større område av «kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse».

Søknaden har vore sendt på høyring til regionalt kulturminnemynde og internt i kommunen for vurdering i høve i kulturminne- og friluftsinteresser. Søknaden er òg sendt til Statsforvaltaren.

Det er ikkje kome svar frå nokon av dei.

Vestland fylkeskommune held normalt fram å at ein under opparbeiding av vegen søker unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, elde vegar/stiar, bakkemurar og tufter med meir.

Vidare plar fylkeskommunen òg å minne om meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2.ledd. Det inneber at om automatisk freda kulturminne som gjenstandar, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast frå om til Vestland fylkeskommune. Alt arbeid må då stansast til rette forvalningsstyresmakt har vurdert funnet. Gransking vil verte utført mindre enn tre dagar etter at fylkeskommunen har fått teke i mot slik melding. Kommunen meiner at dette må takast inn i vedtaket i denne saka òg.

Vegen løyser ut hogstmoden skog i eit omfang av 4000m<sup>3</sup> fordelt på 250 daa produktivt skogareal. Kostnad på nyanlegget er stipulert til kr. 400.000,-. Med dei tømmerprisane som er i dag (bruttopris om lag 600kr/m<sup>3</sup>), syner vegprosjektet god lønnsemd.

Vegen startar vest for tunet på gnr. 63, bnr. 1. I dette området må eksisterande veg rettast ut for å kome fram med bilar i høve det som vegklassen er tilpassa – sjå fig. 2 – 3 nedanfor. Vidare skal vegen gå over innmark slik fig. 4 - 5 neste side syner.



Fig. 2. Frå tunet har eksisterande veg ein del svingar som må utvidast om lag som skissert med stipla liner på biletet. Utforming av detaljar vert gjort under arbeidet.




Fig. 3. Nedanfor svingen i fig. 2, må breidda utvidast og ein lyt sikre seg at kantane er sterk nok til å bere tyngda av bilar vegklassa opnar for.



Fig. 4. Vidar austover vil vegen etter vart gå over brattlendt dyrka/overflatedyrka jord. Eit kortare stykke skal lina til eksisterande veg rettaast ut, elles fylgjer den traséen til denne.



Fig. 5. Til slutt så vil vegen halde fram frå der den vert «retta ut» i fig. 4 og vidare bortover bøen før den svingar ned til venstre i skogen. I skogen er det ein del enkle vegar. I bakkant av innmarka ser vi at det står meir skog austover.

Lenger aust på eigedomen står det i dag mykje skog der mykje av den er hogstmoden. Denne skogen strekkjer seg òg vidare austover på nabobruk. Utan å ha vurdert det særskilt, kan det verte aktuelt å kople nabobruk (Gnr. 59, bnr. 1 og 3) til denne vegen i framtida. Men det kan òg vere aktuelt å kome austanfrå via desse bruka til delar av skogen på dette bruket. På bakgrunn av dette vert det sett som vilkår for løyvet at nabobruk skal ha høve til å kunne kjøpe seg inn i vegen om det er turvande for å ta ut skog på deira bruk.

Slike søknadar skal altså vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Ut frå det som kjem fram ovanfor finn vi at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-van» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Vegen er

avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12. Vegen er planlagt av planleggar med lang røynsle i slike saker.

At kommunen har gjeve eit løyve, går ikkje framom manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpe med.

Vi minner difor om at avkøyrsleløyve/eventuelt endringsløyve til offentleg veg må avklarast. Det er til dømes ikkje sikkert vegklassen det er søkt om og dei bilar som er tenkt å skulle køyre her, er tilpassa den offentleg vegen. I følgje forskrift om planlegging og bygging av landbruksvegar § 2-2 skal avkøyrsle frå offentleg veg, ha godkjenning av vegmyndet før kommunen gjev løyve til bygging. Vi legg til grunn i vårt løyve at så vert gjort og er i orden før bygging startar.

#### **Regelverk**

- Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar.
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningslova
- Kulturminnelova
- Offentleglova

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttat fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/5818»

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

#### **Mottakarar:**

Nina Hilde Bergås

Berås 101

5912 SEIM

---

Side 6  
21/5818 - 3